



Eide Fjordbruk AS  
Støavegen 98  
5640 EIKELANDSOSEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/7359 - 21/59781

Saksbehandlar:  
Hogne Askeland  
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:  
10.09.2021

## Miljøsak GBNR 42/3 Sævreås - minirenseanlegg - førespurnad

### Saka gjeld

Alver kommune har den 24.08.2021 mottatt monteringskort minirenseanlegg frå Biovac Environmental Technology AS med opplysningar om at det er montert Biovac FD5 offshore på gbnr. 42/3 Sævreås.

### Arbeidet kan vere søknadspliktig

Vi gjer merksam på at etablering av minirenseanlegg er eit søknadspliktig tiltak etter plan- og bygningslova. Det er også naudsynt med utsleppsløyve etter Forureiningslova. Du må derfor sende oss ei utgreiing om kva arbeid som er utført, slik at vi kan få klarlagt dei faktiske forholda.

Kommunen har ikkje teke stilling til om tilhøvet er eit brot på plan- og bygningslova. Vi ber i fyste omgang om utgreiing av tiltaket.

### Kva må utgreiinga innehalde?

Du må greia ut om dei arbeid som er utført.

Du kan sende oss utgreiinga til e-postadresse [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no) eller per post:

Alver Kommune  
Postboks 4  
5906 Frekhaug

**Frist for utgreiing er 10.10.2021.**

### Anvendt regelverk

Du har plikt til å greia ut om det utførte tiltaket i følge Plan- og bygningslova § 31-7.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Hogne Askeland  
Konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Eide Fjordbruk AS

Støavegen 98

5640 EIKELANDSOSEN